

Rettleiar til Visma Flyt Barnehage



Føresettportalen

Kva er føresettportalen?

Føresettportalen er ein del av Visma Flyt Barnehage; eit digitalt system for administrasjon av barnehagar. I føresettportalen kan føresette søkja om barnehageplass.

Innlogging

På kommunen si nettside er lenka <https://barnehage.visma.no/kvinnherad> som sender føresett direkte til Visma Flyt Barnehage sin føresettportal.

Ved å klikka på denne lenka, kjem ein til innloggingssida i føresettportalen. Innlogging må gjerast elektronisk ID via ID-porten med MinID eller BankID.

For føresette som ikkje har personnummer, og dermed ikkje Bank ID, kan barnehageadministrasjonen i kommunen leggja inn søknad på vegne av dei føresette.



Funksjonalitet i føresettportalen

- Søkja om barnehageplass
- Motta tilbod om barnehageplass
- Svare på tilbod om barnehageplass
- Godkjenna og stadfesta at vedtekter er lest og forstått
- Sjå oversikt over eigne barn og informasjon om barnehage/plasstype
- Overskriva eksisterande søknad
- Sletta søknad

Etter kvart vil det m.a. bli mogleg å:

- Seia opp plassen
- Søkja om redusert foreldrebetaling
- Søkja om gratis kjernetid
- Søkja om permisjon

Søkja om barnehageplass

Når du loggar inn i portalen, får du oversikt over barna dine som er knytt til Visma Flyt Barnehage eller folkeregisteret.

Vel det barnet du skal søkja for.

Om barnet ikkje ligg inne frå før, kan du klikka «Legg til barn». Legg inn opplysningane som det vert spurd etter.

I søknadsprosessen er det 4 trinn der du må leggja inn informasjon.

- **Trinn 1:** Legg du inn kontaktopplysningar for føresette; mobiltelefon og e-post.
- **Trinn 2:** Vel ønska oppstartsdato ved å klikka på kalenderen, og vel dei barnehagane du ønsker plass i og plasstype.
- **Trinn 3:** Legg inn andre typar opplysningar: Morsmål, opptakskriterium som søkjar oppfyller og eventuelt andre relevante opplysningar.
- **Trinn 4:** Kontrollskjema: Sjekk at opplysningane som du har lagt inn, er korrekte.

Når søknaden er ferdig utfylt, trykkjer du **Send**.

Du får ei stadfesting «**Takk for din søknad**» og veit med dette at søknaden er registrert. Du vil i tillegg motta ein e-post med detaljert informasjon og stadfesting på at søknaden er registrert.

Å overskriva eller sletta eksisterande søknad

Dersom føresette har behov for å overskriva eller sletta søknad som alt er lagt inn, kan dette gjerast ved å velja «**Ny søknad**» eller «**Slett søknad**».

Brita Lien

15051564461

Har 80% barnehageplass i Årdal Barnehage frem til 27.02.2019

Har 80% barnehageplass i Årdal Barnehage fra 28.02.2019

Søknadsstatus: **Til behandling**

[Ny søknad](#) Overskriver original

[Slett søknad](#) Sletter søknad til behandling

Mottak av tilbud om barnehageplass

Føresette mottar ein e-post med eit varsel om at svar på søknad er sendt, og at svarbrevet ligg tilgjengeleg i føresettportalen, der dei må logga seg inn for å svara. Dersom føresette ikkje har e-post, vil dei få tilsendt varselet per post.

I føresettportalen vil det - under barnet det er søkt plass for - som søknadsstatus stå: «**Ventar på svar**».

Paul Bollum

16041554529

Har rett til plass. Søknad må leveres innen 11.02.2020.

Søknadsstatus: [Venter på svar](#)

Ved å klikka på «Ventar på svar» kan føresette lesa tilbods brevet. For å svara på tilbudet, klikkar ein på «**Svar**».

Føresette hakar av for om dei aksepterer eller avslår tilbudet (her vil det koma fleire alternativ), og for at dei har lest og godtatt barnehagens vedtekter.

Tilbudt plass

Paul Bollum har blitt tilbudt en **100%** plass i **Årdal Barnehage** med startdato **18.02.2019**

Prisen for en **100%** plassering pr **18.02.2019** er **2928/måned**.

- Jeg aksepterer plassen
- Jeg avslår plassen
- Jeg har lest og godtar [regler for barnehager i Vilnius Kommune](#).

Send

Når føresette trykker **«Send»**, vert svaret automatisk overført til svarfeltet i Visma Flyt Barnehage grunnmodul, under opptak/svar. Dette er oversikt som styrar har tilgang til.

Svar						
Q Sø		24 stk	Tilpass visning		Liste	Detaljer
Navn	Svar dato	Barnehage	Startdato	Hvem har svart	Selve svaret	
Einar Bjerkelund	05.02.2019	Hjelmeland Barnehage	04.02.2019	Gaute Hansen	Godkjent	
Einar Bjerkelund	13.02.2019	Etterstadgata Barnehage	14.02.2019	Gaute Hansen	Godkjent	
Are Bollum	18.02.2019	Etterstadgata Barnehage	18.02.2019	Lisa Lippa	Godkjent	
Anne Eriksen	14.01.2019	Årdal Barnehage	18.03.2019	Gaute Hansen	Avslått	